

Innkalling til

Årsmøte i Eksingedalen Sokneråd 2026

**Tid: 15 Februar 2026 i Eksingedalen Kyrkje
(etter gudstenesta som starta kl. 11.00)**



Sakliste:

- **Godkjenning av innkalling og sakliste**
- **Val av møteleiar, referent og to til å skriva under møteboka**
- **Gjennomgang og godkjenning av årsmelding**
- **Orientering om rekneskapen(vert delt ut på møtet)**
- **Eventuelle innkomne saker**

Velkomen til årsmøte og gudsteneste i Eksingedalen Kyrkje !

Mvh

Eksingedalen Sokneråd

Årsmelding frå Eksingedalen Sokneråd 2026

Årsmøtet for 2024 vart helde søndag den 2 februar 2025 etter gudstjeneste i Eksingedalen Kyrkje.

- I meldingsåret har det vore 9 gudstenester totalt.
 - 7 av Gudstjenestene har det vore med nattverd
 - 4 av Gudstjenestene har vore tilrettelagt for born og unge
 - Ei julegudsteneste og ei påske gudsteneste.
- Det har vore kyrkjekaffi etter dei aller fleste gudstenester.
- Tal på frammøte på gudstenestene er 140 stk.
- Det var ingen gravferd, dåp og ingen konfirmerte dette året.
- Ruben Gjertsen har gjeve orgelundervisning til ei gruppe born, og stad for undervisninga har veksle mellom Eksingedalen Kyrkje og Nesheim Kyrkje.
- Soknerådet har hatt 3 møter og 1 årsmøte. Det er handsama 33 styre saker og 4 årsmøtesaker.
- Kari møtte frå vårt sokn på fellessamling og fest for alle sokneråda i Kommunen. Samlinga var på Dale i regi Vaksdal Fellelsråd.
- Det er også i meldingsåret laga til Barnekrok bak i kyrkja. Takk til Rune som har fiksa og ordna ilag med gode råd frå Kristin, trusopplæraren vår.
- Aktivitetar i kyrkja i meldingsåret:
 - 30 mars, konsert med Berit Oppheim.
 - 3 mai, orgelkonsert med organist Ruben S. Gjertsen.
 - 10 mai, konsert med Dale Mannskor.Bra til dels veldig bra oppmøte på alle konsertane.
- Styret har også hatt kontakt med Eksingedalen Bygderåd og tatt initiativ til å få på plass oppslags tavle ute på veggen ved butikken på Lavik. Dette er no kome på plass og kan brukast til blant anna å sette opp info for Eksingedalen Kyrkje sine aktivitetar.
- Etter gudstenesta den 28 september hadde me kyrkjekaffi og dåpsvandring i Ljosheim. Der var det samla ei utstilling av gamle dåpskjolar, dåpshuer og anna utstyr knytt til historie rundt dåps borna frå gammalt av. Det vart eit interessant, sosial og kjekk stund rundt kyrkjekaffien. Bra oppmøte. Jorun og Kari ordna med dekkbord, saft, kaffi og kaffimat.
- Det vart også gjennomført kyrkjegardsdag den 20 Mai. Elisabeth og Kari hadde ansvar for kaffi og mat. Frode ordna med flygeblad og plakater. Elisabeth tok ansvar for å plante i urnene som tilhøyrar inngangen ved kyrkja.
- Den 9 September blei det arrangert «trekkspel gudstjeneste» Her var Asbjørn Ekse og hans medspelarar med å spelte utvalde songar innimellom den oppsette gudstenesta.
- Også i år under julegudstenesta stilte det lokale «Julekoret» opp og song i julegudstenesta. I år var også «Nesheim band» med å spelte med til nokre av